

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 21.06.2023, kl. 09:30-15:30

MØTESTAD: Indre Sogn psykiatrisenter, Sogndal

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar (<i>deltok kl. 09:50-14:10</i>)
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem (<i>deltok digitalt</i>)
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørlaus, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Ingrid Aanderud Sælen, Pasient- og brukarombod
Øyvinn Myrmel, avdelingssjef

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
034/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
035/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 12.05.2023
036/2023	Administrerande direktør si orientering
037/2022	Rapportering frå verksemda per mai 2023
038/2023	Risikostyring 2023 – rapportering 1. tertial
039/2023	Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2023
040/2023	Møteplan og årsplan 2024 for styret i Helse Førde HF
041/2023	Utgreiing samfunnsansvar og implementering av openheitslova i Helse Førde
Saker til orientering:	
042/2023	Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet
043/2023	Statusrapport om innovasjon i Helse Førde
044/2023	Statusrapport om prosjekt i Helse Førde
045/2023	Orientering om revidert nasjonalbudsjett, økonomisk langtidsplan Helse Vest og tiltak
046/2023	Eventuelt Skriv og meldingar

“Styret sitt kvarter”

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Indre Sogn psykiatrisenter i Sogndal.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING:

Pasient- og brukarombod Ingrid Aanderud Sælen orienterte om:
Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet

Pasient- og brukarombodet har 15 kontor, med 80 tilsette. Nasjonalt koordinerande ombod er i Bergen. Det er to årsverk i Førde.

Pasient- og brukarombodet skal ivareta pasientar og brukarar sine behov, interesser og rettssikkerheit overfor spesialisthelsetenesta, den kommunale helse- og omsorgstenesta og offentleg tannhelsetenesta. Ombodet skal arbeide for å betre kvaliteten i tenestene.

Pasient- og brukarombodet i Førde mottok litt over 400 henvendinger i 2022. Dette er summen av alt, saker, forespørsel, systemsaker, samt det som fell utanfor ombodet sitt mandat.

Nasjonalt var det 17368 henvendelser i 2022, og dette var rekordmange. Av disse var 7198 saker om spesialisthelsetenesta og 5890 saker om kommunal helse- og omsorgsteneste.

Nasjonale tal viser at det var teke mest kontakt om behandlingstiltak og manglande tildeling av tenester. I Helse Vest RHF var det tatt mest kontakt om kirurgi og psykisk helsevern, og dei fleste var klage på behandlingstiltak.

I Helse Førde var det mest klager om kirurgi og psykisk helsevern, og mest til behandlingstiltak og behandling innan frist.

Dette trekkast fram som særlege trekk i 2022:

- Den nasjonale mangelen på fastlegar er ein trussel for pasientsikkerheit
- Mangelfulle saksbehandlingsrutinar i kommunehelsetenesta er ein trussel mot pasientsikkerheit
- Eigendel for unge bør fjernast
- Samhandling mellom avdelingar og tenestestad må bli betre, uavhengig av nivå
- Psykisk helsevern må prioriterast

Dialogen med Helse Førde:

Midlertidige svar på klager, har inntrykk av at dette blir gjort. Registrert færre eller ingen fristbrudd-saker.

Styret kommenterte:

- *Eigenandel for unge bør fjernast. Dette bør Pasient- og brukarombodet melde tilbake om, som innspel frå styret i Helse Førde HF.*

Adm. direktør Varden sa at no når det er nasjonal årsmelding, så er det ønskeleg å spisse problemstillinga overfor Helse Førde når vi har våre treffpunkt.

Styret takka for orienteringa.

Avdelingssjef Øyvinn Myrmel orienterte om: **Tilbod ved Indre Sogn psykiatrisenter**

Seksjon Døgn:

13 sengeplassar (1 brukarstyrt)

Ca. 70-80 % belegg. Liggetid mellom 20-30 dagar

Ambulant (psykose) team:

Om lag 40 pasientar innan schizofreni/psykosespekteret

Hovudoppgåve er å følgje opp kommunale bemanna bustader og pasientar

Seksjon Dag:

Ca 15-17 årsverk, poliklinisk aktivitet

Generell psykiatri, ca. 12-13 TSB/Rus ca. 2,2 årsverk

Alderspsykiatri, ca. 0,2 årsverk
Vik fengsel ca. 0,2 årsverk

Jobbstøtte:

3 årsverk plassert på ISP

Arbeidsoppgåve: følgje opp og hjelpe pasientar ved ISP og Sogndal BUP med å få arbeid eller utdanning

Sak 034/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Styremedlem Lena Thorsnes deltok digitalt
- Styremedlem Aud Ingrid Espeland hadde forfall
- Sak 045/2023 "Orientering om RNB, ØLP Helse Vest og tiltak" var ettersendt 19. juni, også utdelt i møte
- Sak 045/2023 vart handsama etter sak 037/2023 Rapportering frå verksemda per mai 2023.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent, med endring i rekkefølge.

Sak 035/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 12.05.2023

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 12.05.2023.

Sak 036/2023 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden orienterte om nytt punkt 7 God start ved Nordfjord sjukehus.

Innleiing med bilde frå:

- Helse Førde stafetten, som er eit godt omdømmetiltak. Det var eit nytt opplegg med aktivitetar for 5. klassingar
- Glaskunst i Livabygget, med glaskunst mellom Svanabygget og Livabygget
- Emma K. Eriksson er den første som tok fagbrev i kontor- og administrasjonsfaget

- Folkeopplysningskampanjen 2023 – «Snakk om sjølv mordstankar». Sogndal fotball blir støttespelar for Helse Førde sin folkeopplysningskampanje for å førebygge sjølv mord
- Pride-markeringa, der Helse Førde deltok med eigen fane

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Nasjonale kvalitetsindikatorar

Fagdirektør Kjølraug orienterte om nasjonale kvalitetsindikatorar – heile året 2022.

Ventetidene auka og vi hadde mange fristbrot i siste del av året. Kor hardt ramma dette Helse Førde samanlikna med resten av landet?

Oversikt somatikk:

- Gjennomsnittleg ventetid median, viser 74 dagar
Helse Førde og Helse Fonna vart hardast ramma.
- Median ventetid, viser 61 for Helse Førde
- Kreftbehandling - pakkeforløp; frå diagnose til starta behandling viser 55 i medikamentell behandling (brystkreft og prostatakraft viser lågare tall)

Oversikt psykiatri vaksne:

- Andel epikriser sendt innan 7 dagar etter utskriving, viser 82
- Lite fristbrot over tid, viser 2 %
- Median ventetid, viser 27

5. Løypemelding - lønnsoppgjeret

HR-direktør Skjelten orienterte om lønnsoppgjeret for 2023. Status for dei 15 forbunda i Helse Førde vart presentert. Alle oppgjera er landa i tråd med formålet.

6. Høyring - NOU 2023:8 Fellesskapets sjukehus

Adm. Direktør Varden orienterte om høyringsprosessen til høyringssvar på Fellesskapets sjukehus. Vi har arbeidd med høyringssvar i mai/juni. Utkast til høyringssvar blir behandla i føretaksleiinga 27. juni. Høyringsfristen er 30. juni.

Løypemelding:

- Støttar i hovudsak Helse Vest sin uttale
- Øskjer å framheve kor viktig det er med likeverdige tenester for innbyggjarane uansett kor ein bur og kva helseføretak ein soknar til
- Støttar framlegg om å pilotere samhandlingsbudsjett i helsefellesskapet
- Framleis vurderingar knytt til finansiering av sjukehusbygg
- Framleis vurderingar knytt til omlegging av finansieringsordninga ved at rammefinansiering blir hovudmodell

Styret kommenterte at for seinare bør styret uttale seg om dei store høyringane.

7. God start ved Nordfjord sjukehus

Direktør Guldhav orienterte om God start eininga ved Nordfjord sjukehus. Det har vore dialog med Stad kommune og kommunelegane i Nordfjord-kommunane.

I 2012 vart "God start" oppretta etter at fødeavdelinga vart nedlagt. Det har skjedd ei utvikling med rekruttering og utdanning av jordmødrer, også krav til kommunane om kva dei skal levere. Vi manglar jordmødrer. Helse Førde klarer ikkje lenger å levere jordmortenester ut til kommunane, men kan samle tenestene frå jordmødrene på Nordfjord sjukehus som eit jordmør-senter.

Det har vore medieoppslag og utvikla seg til ei politisk sak. Vi har føringar i føretaksprotokollen frå 2012.

Adm. direktør Varden sa at det blir nytt møte med kommunane i slutten av september. Vi har fokus på å finne gode løysingar for Nordfjord, saman med kommunane.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 037/2023 Rapportering frå verksemda per mai 2023

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa

Aktiviteten - overordna pasientflyt per mai 2023 viser:

Nytilviste 5 825 (1 %)	Ventelistekø 7 212 (5 %)	Totalkø 44 841 (5 %)	Avslutta 5 574 (12 %)
---------------------------	-----------------------------	-------------------------	--------------------------

- Resultatet for mai er negativt med minus 1,5 millionar kroner. Det er ei vesentleg betring samanlikna med tidlegare månader
- Aktivitet i mai var isolert noko lågare enn budsjettert
- Aktiviteten i somatikk, utanom H-resept, utgjorde i mai 98,6 prosent av budsjetterte DRG-poeng. Hittil i år er aktiviteten på 100,1 prosent av budsjett
- Aktiviteten innan psykisk helsevern har i perioden vore lågare enn planlagt
- Sjukefråværet for april var 7,4 prosent. Langtidsfråvær ha auka sidan starten av året
- Det er aukande trend i talet på fristbrot, 328 nye i mai

Styret etterspør ei orientering om sjukefråvær, det høge langtidsfråværet.

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Fag og kvalitet

Totalkøen viser 44 481, dette er alle som ventar/ er i behandling. Ventelistekøen viser 7 212.

- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser omtrent uendra
- Ventande ved periodeslutt viser utfordring ved kirurgisk klinikk, med lenger ventetid ved nokre avdelingar
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 328 nye i mai, svarande til 11,1 prosent

Tiltak med ventelistekø for kirurgiske fag og hudlidingar omhandlar kveldspoliklinikk og andre tiltak.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

- Aktivitet i somatikk, viser 45 DRG-poeng i auke
- Aktiviteten innan Psykisk helsevern for vaksne, viser avvik frå plan denne periode
- Brutto månadsverk viser 2431, netto månadsverk viser 2096.
- Veksten i bemanning har auka etter pandemien.
- Reell beleggsprosent i mai, viser 71 prosent i somatikk og 64 prosent i Psykisk helsevern
- Samla sjukefråvær i april var 7,4 prosent. Langtidsfråværet viser auke siste månader.

Resultat for mai er minus 1,5 millionar kroner. Løns- og personalkostnader i perioden er 6,3 millionar kroner over budsjett. Varekostnader har noko høgare meirforbruk denne månaden samanlikna med april.

Likviditetsutviklinga viser ved utgangen av mai 2023 at Helse Førde hadde ein negativ saldo på 71,2 millionar kroner.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2023 til vitende.

Sak 038/2023 Risikostyring 2023 – rapportering 1. tertial**Oppsummering:**

Risikostyring for 1. tertial viser spesielt høg risiko innanfor økonomiområdet, som dermed må følgjast opp særskilt framover. Også rekruttering innanfor enkelte fagområde har relativt høg risiko.

Risikostyringa i 2023 omfattar sju område:

- Legemiddelområdet
- IKT og informasjonssikkerheit
- Vald og trugslar mot tilsette
- Rekruttering og ekstern turnover
- Uønskt variasjon radiologi
- Uønskt variasjon ortopedi
- Økonomistyring
- Intern samhandling

Adm. direktør Varden innleia om rapportering 1. tertial for risikostyring.

HR-direktør Skjelten orienterte om rekruttering og ekstern turnover.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om økonomistyring. Tilgang på nok personale og kompetanse er den største utfordringa. Nye behandlingsmetodar og medikament er også utfordrande.

Styret kommenterte at rapporteringa hadde god og oversiktleg framstilling.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering risikostyring 1. tertial 2023 til orientering.

Sak 039/2023 Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2023

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang er ein overordna systematisk gjennomgang av styringssystemet i verksemda.

Leiinga sin gjennomgang viser status på følgjande tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innanfor:
 - a. Kvalitet og pasienttryggleik
 - b. Medarbeidardimensjonen
 - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerande direktør si vurdering

Styringsfarten i føretaket er for høg samanlikna med økonomiske rammer frå Helse Vest.

Helse Førde har også i første del av 2023 utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi. Det er eit kontinuerlege arbeid med tiltak på alle desse områda. Dette året vert det arbeid målretta med å planlegge for nye driftsmodellar etter innflytting i LIVA-bygget i Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek Leiinga sin gjennomgang 1. tertial 2023 til orientering.

Sak 040/2023 Møteplan og årsplan 2024 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Forslag til møteplan legg opp til åtte styremøte i 2024. Planen tek omsyn til vinterferie i veke 8 og haustferie i veke 41. Møteplanen tek også omsyn til interne møter i Helse Førde, regional leiargruppesamling, rapporteringsdato til Helse Vest, styremøte i Helse Vest RHF og felles styreseminar.

Styremøta i Helse Førde HF startar vanlegvis med «Fagleg orientering» som første del i møta. Styremøta vert å halde ved institusjonane.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2024:

Møteplan 1. halvår 2024	
Møtedato	Møtestad
Torsdag 25. januar	Førde, FSS
Onsdag 6. mars	*fellesmøte RHF og HFD Førde, FSS
Torsdag 23. mai	Førde, FSS
Fredag 21. juni	Lærdal, LSH
Møteplan 2. halvår 2024	
Torsdag 26. september	Førde, FSS
Torsdag 24. oktober	Nordfjordeid, NSH
Torsdag 28. november	Førde, FSS
Torsdag 19. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mai og november 2024.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2024, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

Sak 041/2023 Utgreiing samfunnsansvar og implementering av openheitslova i Helse Førde**Oppsummering:**

Spesialisthelsetenesta vedtok eit felles rammeverk for samfunnsansvar i mars 2023. Styret har ansvar for at rammeverket vert implementert i føretaket. Dette omfattar ulike delar verksemda, og inneber også å etterleve openheitslova. Saka gir ei orientering om kva rammeverket inneber, og syner resultatet av den første utreiinga på området. Denne skal danne grunnlag for pålagt rapportering.

Risikoområde som er oppdaga gjennom vurderingane av aktsemd:

1. Nytt rammeverk for samfunnsansvar vart teke i bruk i starten av 2023 og er ikkje godt nok kjent i organisasjonen.
2. Manglande kartlegging og oppfølging av leverandørkjeder i egne innkjøp og manglande erfaring med risikovurdering av egne innkjøp.
3. For stor del av innkjøp vert gjort utanfor avtale.
4. Kartlegging av egne innkjøp avdekka at vi har nokre leverandørar utan
 - a. avtalefesta oppfølging av leverandørkjede
 - b. offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer

5. Manglande kartlegging av indirekte utslepp (scope 3) i klimarekneskapet.
6. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for like kjent.

Helse Førde har kome i gang med å etterleve lovverket og innføre rammeverk for samfunnsansvar innanfor dei ulike områda. Det er utarbeidd prosedyre og handlingsplan basert på utgreiinga, og det er lagt opp til å følgje anerkjende verktøy.

Vedtak (samrøystes):

Styret for Helse Førde HF godkjenner utgreiing om samfunnsansvar og handlingsplan for implementering av openheitslova.

Saker til orientering:

Sak 042/2023 Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet

Oppsummering:

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor den statlege spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta, og for å betre kvaliteten i desse tenestene. Pasient- og brukarombodet har 15 kontor spreidd i heile landet og i alle fylker. I Vestland fylke er det kontor i Førde og Bergen.

Pasient- og brukarombodet mottok 17 368 henvendinger i 2022, og dette er ein auke på 16 prosent i løpet av fem år.

Adm. direktør Varden korrigerer framlegg til vedtak, der det skal stå Pasient- og brukarombodet.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at styret held fast på at denne saka kjem innom styret som orienteringssak, då med noko lokal omtale. Styret vil utfordre Pasient- og brukarombodet om å ta opp to lokale problemstillingar som ho ønsker å diskutere med styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek "Nasjonal årsmelding 2022 frå Pasient- og brukarombodet" til orientering.

Sak 043/2023 Statusrapport om innovasjon i Helse Førde
Saka utsett.

Sak 044/2023 Statusrapport om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Ferdigstilling av Livabygget ligg eitt år fram i tid. Framdrift i dei mange prosjekta i Pasientens helseteneste, og koordinering mellom dei og Nye Førde sjukehus, er hovudfokuset i prosjektporteføljen.

Det skal til 1. oktober 2023 vere utarbeidd driftsmodellar for dei einingane som skal inn i nybygget. Det er nødvendig for å sikre at budsjett og planar heng saman i framtida. Sengepostprosjektet som skal bruke det meste av bygget har kome langt på veg våren 2023.

IKT-området går inn i ein ny fase det komande året, med å smelte saman forvaltning/drift og vidare utvikling/prosjekt, og å la dei same personane styre og prioritere desse aktivitetane.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering om status prosjektportefølje til vitende.

Sak 045/2023 Orientering om revidert nasjonalbudsjett, økonomisk langtidsplan Helse Vest og tiltak

Oppsummering:

11. mai la regjeringa fram forslag til revidert nasjonalbudsjett (RNB), som vart vedtatt i stortinget 16. juni 2023. Helse Vest har i styremøte 14. juni vedtatt revidert budsjetttramme for 2023, økonomisk langtidsplan 2024-2028 (ØLP) og førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024.

Administrerande direktør understrekar at desse tre sakene viser at dei økonomiske rammevilkåra er svært stramme. Oppdatert prognose indikerer eit resultat på minus 30 millionar, som er 50 millionar bak eit resultatkrav på 20 millionar. Det betyr at Helse Førde må halde fram arbeidet med å tilpasse styringsfarten til rammevilkåra. Administrerande direktør har brukt mykje tid på forankring av utfordringsbiletet, og ein ser at tiltaka som er sett i verk har hatt positiv effekt.

Adm. direktør Varden orienterte om revidert nasjonalbudsjett, økonomisk langtidsplan Helse Vest og tiltak. Vi har svært stramme økonomiske rammer

Styreleiar Krakhellen viste til dokument sendt til Helse Vest RHF om internlån.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- *Revidert budsjett 2023*
- *Økonomisk langtidsplan Helse Vest, vedtak 14. juni i Helse Vest*
- *Førebels inntektsfordeling 2024*

Adm. direktør Varden orienterte om oversikt tiltak som er analyserte og status på tiltak.

Tiltak på kort sikt:

- *Justering av fullmaktsmatrise*
- *Ferieavvikling sengepost*
- *Fokus på bruk av overtid, særavtaler og innleige*

Tiltak på lengre sikt:

- *HR utarbeider prinsipp for bruk av UTA, særavtaler, innleige og tillegg*
- *HR vil etablere grupper for å utarbeide prinsipp for kombinasjonsstillinger. Oppstart etter sommaren og er relevant inn mot Liva-bygget*

Tiltak 2024 – Vurdering av sommarstenging døgnpost DPS.

- *Ei arbeidsgruppa tilrår sommarstenging av døgnseksjonen ved ISP i tre veker.*

Styreleiar Krakhellen oppsummerte og sa at det er bra med måten ein jobbar med tiltak. Bra at vi allereie ser på dei tinga som vi skal jobbe med sommaren 2024.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 046/2023 Eventuelt

Ingen saker.

Ref. Berit Irene Haarklau
21.06.2023

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem